

Korleis redusere bifangst av kongekrabbe?

Ved å modifisera reiskapar og utnytta kunnskap om kongekrabben si åtfærd, kan bifangsten av kongekrabbe verta redusert. Problemet er at fangsten av fisk samstundes går ned.


I torskefisket i Varangerfjorden våren 1999 vart det rapportert om bifangst på fleire tusen konge-krabbar per garnlenkje på 10-15 garn. I dette torskefisket vert garna sett på botnen i bakke-kanten. På denne tida har krabben gytevandring og går mot grunt vatn. Etter gytinga vandrar han attende til djupare vatn. Garna står i vegen og dermed set krabben seg fast. Sjølv med liten fangst av krabbar viser det seg at garna fiskar dårleg, og dette skapar mykje ekstra arbeid og bry for fiskarane.

Lovande resultat

Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet har prøvt å løysa problemet ved å nytta "stolpegarn". Dette garnet har eit ope felt nedst slik at krabben kan passera under utan å setja seg fast. I forsøka vart stolpegarna samanlikna med bruk av standardgarn.

Garnfisket føregjekk i fjordområda utanfor Bugøyenes, ein sidefjord til Varangerfjorden, i to periodar frå mars til mai i 1999. I den første perioden var det små fangstar av både fisk og krabbe, i andre perioden var fisket noko betre. Det viste seg at det gjekk meir krabbe i stolpegarna enn i vanlege garn.

På ein del av stolpegarna vart det difor sett meir fløyt for at stolpane skulle verta betre strekte. Resultata i andre perioden viste at stolpegarn med ekstra fløyt gav svært lovande resultat. Dei garna fanga berre 0,6 krabbe per garn og under 10 prosent av bifangsten på stolpegarn utan ekstra fløyt. Det er tydeleg at fløytmengda må vera tilstrekkeleg til at stolpane vert strekte og garnbusen kjem høgt nok over botnen.



Ved å montera torskegarnet på stolpar vert sjølv garnet heva 50 centimeter over botnen. Tanken er at krabben, som held seg på botnen, berre skal krabba vidare utan å vasa seg fast i garnet.



Tilpassing av andre reiskapar

Mange fiskeartar har døgnrytme i aktiviteten. Også kongekrabben er meir aktiv i visse periodar, men kunnskapane om mønsteret i aktivitetane i våre farvatn er mangelfulle. I vidare forsøk kan skilnadane i aktivitet mellom fisk og krabbe utnyttast i setjing og haling av reiskap. Det gjeld både garn og line. Ved å setja bruk like før aktivitetsperiodane til fisken, kan ståtida reduserast vesentleg utan at det går ut over fangsten. Kort ståtid gjer at risikoen for bifangst av krabbe vert lågare.

Ein har også hatt gode resultat med ei nyutvikla samanleggbar tokammerteine for fangst av torsk. Teina kan vera aktuell som eit alternativ til garn i torskefiskeria, men det er også bifangst av kongekrabbe i slike teiner.

Kongekrabben kan stå tett i tett i garnet. Den berekna bifangsten av kongekrabbe i garn og annan faststående reiskap er mange gonger større enn det kontrollerte norske og russiske forskingsfangsten. Bifanga krabbe er ikkje lov å omsetja, men må setjast ut att i havet. (Foto: Hallvard Godøy)

Også lite fisk i garna

Men forsøka viste og tydeleg at fangsten av fisk i stolpegarna vart redusert. Stolpegarna hadde berre 35 - 40 prosent så mykje fisk som i standardgarn. Fangsten av fisk i stolpegarn med og utan ekstra fløyt var om lag lik.

Den låge fangsten i stolpegarna er overraskande. Garna var berre løfta 0,5 meter over botnen og det er usannsynleg at dette skulle føra til at fangsten gjekk ned med 65 prosent. I standardgarna viste det seg at om lag 50 prosent av fisken sto i den nedste halvdel av garnet. At stolpegarna er heva med 0,5 meter kan ikkje forklara meir enn toppen 50 prosent av fangsttapet. Sidan

fangsten gjekk mykje meir ned, må det ha meir indirekte årsaker. Ein grunn kan vera at mellomtelna, 0,5 meter over botnen, gjer at garnet vert meir synleg for fisken.

Det var heller ikkje noko "fart" i fisket under forsøka. Det er godt mogeleg at stolpegarna ville fått betre resultat i høve til standardgarn i periodar med meir fisk og meir aktivt vandrande fisk. Lenkja med standardgarn hadde to spesielt gode fangstar utan at det vart liknande utslag på stolpegarna.

Bifangsten av kongekrabbe varierte endå meir. I enkelte tilfelle kunne ein få hundretals på ei garnlenkje og ingen krabbar på ei parallell lenkje 500 meter borte.

Kontaktperson: Hallvard Godøy, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen,
Postboks 1870 Nordnes, 5817 Bergen. Tlf: +47 55 23 85 00.
Faks +47 55 23 68 30. E-post: Hallvard.Godoy@imr.no